

19.07.2017

Første reine Uskedalslag i Norway Cup.



Gutane i ein pause på treninga.

OPPDATERT: Mange uskedelingar har gjennom åra delteke på Norway Cup. Dei har alltid spela på lag i samarbeid med andre idrettslag. Dei fleste har spela for Rosendal eller samarbeidslaget Rosendal/Uskedal. I år er aller første gong eit reint Uskedals-lag stiller i den verdkjende fotballturneringa. Dermed vert G13-laget til Uskedal IL historiske.

Då uskedalen.no besøkte laget på trening på Heio tirsdag denne veka, var det naturleg nok mykje fråfall pga ferieturar. Dei som var der, jobba konsentrert og godt med dei tekniske øvingane trenar Tommy Eidsvik instruerte i. Etter ei tid fekk dei pause for bildetaking og å preika med denne skribenten. Då var det tydeleg at fokuset forflytta seg. Det var tydeleg at gutane gler seg veldig til opplevingane som ventar i Oslo. Dei bobla mest over.

I tillegg til fotballen og kampane ser dei fram til å treffa jenter, gå på tivoli, nokre skal i Tusenfryd, ja, dei skal ha det skikkeleg moro. Heia på dei andre Kvinnheradslaga skal dei sjølv sagt også gjera, og aller mest skal dei heia på Rosendal/Uskedal G14. Uskedalen er svært godt representert også på andre lag.



Laget fotografert etter god innsats i Bø cup i fjor.

Desse gutane er med på det historiske Norway Cup-laget: Karsten Bjørnebøle, Mats Eidsvik, Marius Eidsvik, Vidar K. Eidsvik, Tørres Tungevik Myklebust, Sander Ø. Eikenes, Kristian Øvstebø, Mathias N. Børve, Johan S. Kroka, Torbjørn Haugland og Anders Isdal Myklebust. Dei skal spela med 7`ar-lag.

Etter det vi kjenner til var dei første uskedelingane som var med i Norway Cup, truleg Helge, Kjetil og Frode Myklebuast. Dei spelte på Rosendal sitt guttelag i 1982. I 1997 var det eit lag som heitte Uskedal guttelag, men på det laget var det spelarar frå same strekningen som Rosendalslaget vanlegvis har spelarar frå.

Tommy Eidsvik, som trenar laget saman med Kjetil Myklebust, ser også fram til å oppleva Norway Cup. Han fekk aldri oppleva det sjølv som spelar, og derfor syns han det er ekstra kjekt at laget han har trent i fleire år får gjera det, og det på ein historisk måte. Tommy fortel at dei gjer dette for å oppleva og utvikla seg. Det viktigaste er å prestaer så bra som dei kan. Då skal dei vera fornøgte. Har seier at laget har eit godt toppnivå, men dei har også vore litt ustabile denne sesongen.

Han fortel vidare at dei reiser bortover til Oslo laurdagen. Dei skal bu i leiligheter, og det heile er lagt opp som ein familieferie. Første kamp er søndag 30.07. kl.10 då dei møter det koreanske laget Rising Star. Deretter er det kamper mot Bergsøy IL 2 på mandag kl.9, og mot Bergen Nord FK2 tirsdag kl.18.30. Med desse kampane er puljespelet ferdig, og etter det går dei to beste til A-sluttspel og dei to andre laga går til B-sluttspel. Dermed vert det i alle fall 4 kamper på dei historiske gutane.

Og når dei stiller på kampane i store turneringa har dei sjølv sagt på seg dei grøne draktene som dei har fått sponsa av Spar. Grønt har alltid vore fotballfargen i Uskedalen og endeleg er den på plass i Norway Cup!

- Vi er dei første, men forhåpentlegvis ikkje dei siste, avsluttar trenar Tommy Eidsvik.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tommy Eidsvik og Thor Inge Døssland